



# Helsing frå Lyngmo

Når du mottek Lyngmoglytten denne gangen er det travelt arbeid i gang på kjøkkenet på Lyngmo. Det er ikkje vanleg «kokkelering» som skjer; for kjøkkenpersonalet har måttå vika plass for snekker, elektrikar, røyrliggjar og andre bygningsarbeidarar. Planen er at kjøkkenet skal fornyast. Mykje av utstyret har vore brukt sidan kjøkkenet vart bygd i 1989. Me fekk ei god stadfesting av behovet for denne oppussinga når den 24 år gamle oppvaskmaskina takka for seg ca. 14 dagar før arbeidet skulle starta. Me er glade for at det ikkje skjedde før og at det berre vart eit par veker med papptallerkar ☺ !! Etter ca. 3 veker skal kjøkkenet stå klart i ei ny og tenleg utgåve; klar til leirsesongen, som startar 14. februar med vinterleir for 4. – 7. klasse.

Me håpar på god oppslutning om vinterleirane. Mykje er allereie planlagt og med inspirerte leiarar, så trur me det skal verta kjekt for alle aldersgrupper! Leiarane legg til rette for å gje borna og ungdommane omsorg og spennande aktivitetar, samstundes som deltakarane får moglegheit til å utvikle si eiga tru. I palmehel-

ga skal me arrangere ein ny familieleir. Leiren er spesielt tilrettelagt for småbarnsfamiliar med born frå 0-12 år. Hjelp oss gjerne med å reklamere!

Det skjer også fornying på web-fronten. I byrjinga av februar skal den nye heimesida vår lanserast. Me håpar at den vert teken godt i mot, og at de lett kan finne informasjonen de ønskjer om det som skjer på Lyngmo.

PS! Siste fornyinga som styret jobbar med for tida er eit større prosjekt! Det vert jobba aktivt for at me skal kunne rive den gamle internatdelen og bygge opp igjen eit nytt og flott bygg. Me ønskjer å informere meir om dette om ikkje så lenge!

PS2! Følg oss gjerne på facebook og få oppdatert informasjon om arrangement og andre ting som skjer på Lyngmo!



Helsing Kjetil



# Julemiddag for ungdom



Den 22. Desember 2013 var det ikkje stille i gangane på Lyngmo. Heile 53 ungdommar var samla til den årlige julemiddagen. Dette har no vore ein tradisjon i mange år, og kvart år har det vore ein stor suksess. Dette året vart ikkje noko unntak. Det første ein blei møtt av var ein fin raud løpar som førte til inngangen, og når ein kom innom dørene, så stod varm gløgg og venta på oss. Kveldens konferansierar var Endre Hilleren og Willie Nyland Orrestad, og dei følgde oss heile kvelden. Å vere konferansierar, det kunne dei. Dei hadde laga morosame filmar, flotte konkurransar, og artige songar, dei fanga publikum og alle var med. I tillegg hadde dei hyra inn Synnøve Svendsen som pianist til julesongar og bordvers.

Kvart år er det også ein andakt i løpet av kvelden, og i år var det Leidvin Vangestad som delte nokre tankar ut på kvelden. Han hadde ein svært spanande andakt om Guds plan for Israels folket og korleis han var med Josef

gjennom hans liv etter han vart selt av sine brødre.

Den tradisjonelle ”herrenes tale” var det Julia Johansen som hadde, og ho snakka mykje fint om mennene og hadde fleire gode, komiske poeng. Willie hadde ”damenes tale” og han samanlikna kvinnene med bilar, men hadde også mange fine ting å sei om damene. Julematen var rett og slett ein fantastisk opplevelse. Den bestod av både saftig svineribbe med sprø svor, saftig og godt pinnekjøt, pølser, kjøttkaker, poteter og alt anna ein bruker som tilbehør til dette. Deltakarane åt godt og var svært nøgde med både mat og underholdning.

Og eg snakkar ikkje berre for meg sjovt når eg seier at dette var ein flott kveld!

- Kaia Selseng

# Leirtravarar



Amund Bækstrøm Vikdal  
og Frode Jacobsen

Takk for intervjuet! :)

Kjem frå: Leikanger

Alder: 12

Har dykk vore mange gonger på leir? Me har vore på nokre.

Kva leir likar dykk best? Pangstartleiren.

Kva var kjekkast på denne leiren?  
Me tykte at syklinga var kjekkast.

Synes dykk at det er greit å læra noko om Jesus på leir? Ja

Kjem dykk att på leir?

Ja, det vil me!

PALMEHELGSLEIR  
2014  
EIN PÅSKELEIR  
FOR SMÅBARNSFAMILIAR  
FREDAG 11. april -  
TYSDAY 15. april  
Lyngmo - 14 km frå Sogndal,  
4 timer frå Bergen  
www.lyngmoinfo.com  
lyngmo@lyngmoinfo.com - 57 68 43 66

Inspirasjonshelg for kvinner!



Kom og bli inspirert av JESUS!

28. februar - 2. mars 2014

Solfrid Kvist kjem og har spanande seminar for oss. Eli og Magni, med sin gjeng, leier lovesong i år også. Nydeleg mat  
Valfrie aktivitetar/seminarar

Påmelding og informasjon:

www.lyngmoinfo.com

lyngmo@lyngmoinfo.com eller 57 68 43 66.

# Dette skjer på Lyngmo:

## FEBRUAR 2014

- 6.Småbarnstreff
  - 13. Knøttekor og T.Klubb
  - 14-17. Leir for 4. – 7.klasse
  - 20. Småbarnstreff
  - 20.-23.7-10.klasse leir
  - 27.Knøttekor og T.klubb
- MARS 2014**
- 28.2. - 2. Inspirasjonshelg for kvinner
  - 6. Småbarnstreff
  - 13. Knøttekor og T.klubb

20.Småbarnstreff

21-23. 2-4kl.leir

27.Knøttekor og T.klubb

28.Vårbasar

30.Barnas Supersøndag

## APRIL 2014

- 3. Småbarnstreff
- 4-6. 16:30 år leir
- 10. Knøttekor og T.klubb
- 11-15. Lyngmo. NY Fam.påskeleir
- 16-20.NLM påskeleir

## Inspirasjonshelg for kvinner-28.feb-2.mars

Vert arrangert på Lyngmo for 5. året, i samarbeid med SIM (Sogndal Indremisjonsforsamling). Sjå eigen annonse! Ei helg *vel verd* å få med seg!

## Vi over 60 - 19.-22. Mai

Me byrjar no å ta i mot påmeldingar til dette arrangementet. I fjer var det nokre som var seint ute med påmelding og måtte ta turen ut i hyttene for å sova. Meld deg på og sikra deg ein plass inne på internatet ☺

## Barnas Supersøndag - 30. mars

Er ein verkeleg SUPER søndag som startar med gudsteneste i kyrkja og held fram på Lyngmo med mat, mange aktiviteter for borna og avslutningsshow! SUPER dag for heile familien!

## Vårbasar - 28. mars

Alle er velkomne på basar. Her er tilrettelagt for barn, vaksne og eldre. Det er sosialt og triveleg og arrangementet pleier å gje eit godt overskot til drifta av Lyngmo!

## Loppemarknad - 26. - 27. september

Me tek i mot lopper heile året. Kom gjerne med det du har liggjande av spanande ting som kan seljast på loppemarknaden!!

«*Ein sofa får ny eigar...*»



# Frå arkivet - Lyngmo i 60 åra

Det har vore arrangert leirar på Lyngmo sidan midten av 60 – talet. For ei tid tilbake kom det inn ei CD-plate til Lyngmo med ein del bilete på. Me syntest at tida var mogen for å publisere nokre av desse. Møtesalen har endra seg noko, men du kjenner igjen glasmåleriet! Kjenner du nokre her?



Over: Eit flott songkor

Under: Leik og moro i møtesalen



# Glimt frå Lyngmo - Hausten 2013



Returadresse:  
Lyngmo Ungdomssenter  
Lyngmo 12  
6869 Hafslø

Telefon: 57684366  
E-post: [lyngmo@lyngmoinfo.com](mailto:lyngmo@lyngmoinfo.com)  
Heimeside: [www.lyngmoinfo.com](http://www.lyngmoinfo.com)  
Gåvekonto: 3720.07.68427

---

## VINTERLEIR PÅ LYNGMO

**2. - 4. klasseleir**

***21 - 23 mars, pris 475,-***

**4. - 7. klasseleir**

***14. - 17. februar, pris 695,-***

**7. -10. klasseleir**

***20. - 23. februar, pris 760,-***

**Påmelding og informasjon**

***[bua@lyngmoinfo.com](mailto:bua@lyngmoinfo.com)***

***eller ring 57 68 43 66***

***[www.lyngmoinfo.com](http://www.lyngmoinfo.com)***

